

Asfalt både her og der

01.11.2007



Oppretting pågår ned til Beinavikjo (Foto: Ola Matti Mathisen)

NCC held på med asfaltering både her og der i Uskedalen og det er "gjester" som vert sett pris på av mange etter mange års utålmodig venting.

Den øvre gata i Halsabrotet er asfaltert og oppretting har i dei siste vore i gang både ned til skulen og ned til Beinavikjo – budsjettet gjev ikkje rom for skikkeleg nyasfaltering på desse vegstumpane, har kommunens oppsynsmann opplyst.



Oppretting er igang ned til skulen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men til lags åt alle kan ingen gjera og uskedalen.no har lova å bringa denne ytringa vidare frå ein oppsittar i Halsabrotet:

- Det er vel og bra at vi endeleg får asfalt både her og der, men arbeidet går altfor tregt. Det står enno att ein god del på den nedre gata i Halsabrotet, der har det vore rundt ei veke stans. No må mannskapa ta seg saman og skynda på! For det er vel ikkje slutt på pengane?



Nyasfaltering er ferdig i den øvre gata i Halsabrotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)